




Kvam vgs.  
Vestland fylkeskommune



Med hjarta i Hardanger  
og open for verda



# Velkommen til Kvam vidaregåande skule!



Kvam vidaregåande skule ligg midt i Hardanger og er ein liten skule med eit godt læringsmiljø. Målet vårt er å skape ein god og trygg skulekvardag der elevane trivst. Fordelen med ein liten skule er at det er lett å bli kjende med kvarandre og få gode relasjonar til både elevar og lærarar. Skulen vår har eit godt idrettsmiljø, og me tilbyr valfag i både toppidrett og breiddeidrett.

Det skjer mykje på Kvam vgs framover. I 2026 gler me oss til å samle alle elevar og fagretningar under eitt og same tak, med heilt ny skule i Norheimsund.

Me er stolte av skulen vår og fagtilbodet vårt, både på yrkesretta linjer og studiespesialiserande. Med både lokal forankring og eit internasjonalt fokus kan me trygt seie at Kvam vgs har hjarta i Hardanger og er open for verda.

**Me ønskjer deg velkommen som elev!**

***Helsing rektor***



**Elektro og datateknologi**

**Helse- og oppvekstfag**

**Studiespesialisering**

**Teknologi- og industrifag**

**Tilrettelagd opplæring**



Les meir om korleis  
miljøkoordinatoren vår brukar  
Snapchat på side 11

Fjelltur planlagt av  
miljøkoordinatoren vår  
og elevane på Snapchat






## Studiespesialisering

Er du interessert i teoretiske fag og ønskjer å studere vidare ved universitet eller høgskule, kan du velje studiespesialisering. Utdanninga er treårig og fører fram til generell studiekompetanse. Du kan også velje fag som gir spesiell studiekompetanse.

På vg2 tilbyr me eit heilt skuleår på utveksling i USA. Dette tilbodet gjeld for alle elevar som går studiespesialisering i Vestland, og alle kan søke. Elevar som vel tysk eller spansk som framandspråk har moglegheit til å reise på kortare opphold til Tyskland eller Spania.

### Programfag toppidrett eller breiddeidrett

Som elev på studiespesialiserande kan du velje idrett som programfag. Kvam vgs har tradisjon for å prestere godt i skole-NM og har fleire topplasseringar. I tillegg tilbyr me både toppidrett fotball og breiddeidrett, som er variert idrett for dei som ikkje nødvendigvis vil satse på toppnivå.



LINGA  
LAKS

ME MATAR  
MILLIONAR

Lingalaks AS driv matfiskproduksjon innan havbruk under naturlege, ideelle forhold i Hardanger og Nordhordaland. Me forsyner verdsmarknaden med norsk kvalitetsfisk.

Total produksjon er ca. 14 000 tonn med sløyd laks kvart år.

Gjennom fleire generasjoner har eigarar og medarbeidrar opparbeidd seg unik kunnskap om lokalt miljø og klima. Dette gjev oss store fordelar når det gjeld berekraftig og miljøretta drift.

# Utveksling og internasjonal erfaring

Utveksling i utlandet er ein unik anledning til å bli kjend med nye vener og lære om språk, kultur og arbeidsliv i eit anna land. Du kjem heim igjen med nye erfaringar, nye perspektiv og gode språkkunnskapar.


## Vg2 i USA

Som elev på studiespesialiserande ved alle skuler i Vestland fylkeskommune, har du moglegheit til å ta heile det 2. skuleåret på samarbeidskulen vår, St. Paul's Lutheran High School i USA. Skulen er ein internatskule med om lag 200 elevar, og ligg i byen Concordia i staten Missouri, sør-vest for Chicago. Elevgruppa består av lokale studentar og utvekslingsstudentar frå ei rekke land.

Når du kjem tilbake, er du kvalifisert til å halde fram med Vg3. Opptak skjer basert på karakterar, eit essay på engelsk og ein opptakssamtale. Du får norskundervisning på nett medan du er i USA. Norskclæraren reiser til USA et par gonger i løpet av året. Du får også oppfølging av lærar på internatet.

## Studieopphold i Europa med Erasmus+

Som ein del av EU sitt Erasmus+ -program tilbyr me elevane 1-2 vekers opphold på skular i Europa. Her reiser ei gruppe på 5-6 elevar frå Kvam vgs saman med elevar frå 5 andre skular. Vertskapsskulane varierer. For elevar med spansk som språkfag tilbyr me opphold på ein skule i Spania. For elevar med tysk som språkfag samt elevar på helse- og oppvekstfag tilbyr me opphold/praksis på ein skule i Tyskland.



### HANDALAG OPPLÆRINGSKONTOR – midt i Hordaland

Tett samarbeid med 52 gode medlemsbedrifter.

90 lærlingar i 25 lærefag.

Me vil gjerne ha fleire med på laget- lærlingar, lærebedrifter og lærefag.  
Det er ulike vegar fram til fagbrev, spør oss!



[post@handalag.no](mailto:post@handalag.no) • tlf. 56 55 38 80 • [www.handalag.no](http://www.handalag.no)

Me hjelper lærlingar med å finna lærepllass, og bedrifter med å finna lærlingar.

Det er over 180 ulike lærefag å velja mellom!

Uansett kva yrkesfag du er interessert i, ta kontakt med oss ved Handalag for ein prat!

**TIL-VEGEN TIL FAGBREV**  
TIL står for tidleg i lære  
• Fleire valmogelegenhetar innan vidaregåande utdanning lokalt.  
• Bu heima.  
• Samarbeid mellom Handalag, Kvam vgs. og lærebedrifter.

# Helse- og oppvekstfag

Les meir her →



## Helse- og oppvekstfag passar for deg som

- Er omsorgsfull og empatisk
- Er flink til å kommunisere med andre
- Likar å arbeide med menneske
- Kan samarbeide godt

## Du lærer om


- Helsefremjande arbeid
- Fysisk og psykisk helse
- Korleis kroppen er bygd opp
- Kommunikasjon og samhandling
- Utviklinga til barn og unge
- Kost, ernæring og hygiene

## Du kan bli for eksempel

- Helsefagarbeidar
- Ambulansearbeidar
- Barne- og ungdomsarbeidar
- Apotekteknikar
- Helsesekretær eller tannhelsesekretær
- Hudpleiar eller fotterapeut

## Me tilbyr

- Vg1 helse- og oppvekstfag
- Vg2 barne- og ungdomsarbeidararfag
- Vg2 helsearbeidararfag




**SAMNANGER KOMMUNE**  
- der du vil leve og bu -

Vil du bli ein del av eit kompetent fagmiljø og jobbe i eit postivt og kreativt team?

Samnanger kommune  
I hjarta av gamle Hordaland, midt mellom Bergen og Hardanger, ligg Samnanger kommune som ein naturleg skjønnheit. Med relativ kort veg til både by- og naturopplevelsar, er Samnanger perfekt for deg som ønskjer både i pose og sekk.

Kraftkommunen har 2 500 innbyggjarar og eit stort potensiale. Me treng deg som ser dette potensialet og vil vera med på den spanande reisa vidare.





## Praksis i Tyskland

Elevar på helse- og oppvekstfag får tilbod om to vekers praksis i Tyskland. Dette er frivillig, og avheng av at du får praksisplass i Tyskland. Der blir du innlosjert hjå ein familie med ungdom som er elevar på den tyske samarbeidsskulen.

Bli lærling i  
Energimontørfaget  
hos Lysna



Lysna



# Teknologi og Industrifag (TIF)

Les meir her →



## TIF passar for deg som

- Er interessert i ny teknologi
- Har praktisk sans og godt handlag
- Er nøyaktig
- Kan arbeide både sjølvstendig og saman med andre

## Du lærer om

- Produksjonsplanlegging og produksjonsprosesser
- Automatisering og programmering av robotar
- Maskiner og produksjonsutstyr
- Køyretøy og transport
- Kjemiske prosesser og kjemiteknikk
- Helse, miljø og tryggleik

## Me tilbyr

- Vg1 teknologi- og industrifag
- Vg2 industriteknologi
- Vg2 transport og logistikk

## Du kan for eksempel bli

- Bilmekanikar
- Sveisar
- Styrmann
- Kranførar
- Ingeniør



**Rett temperatur på rett plass**  
Avgjeraande for eit godt inneklima - både på jobb og heima

# Elektro og datateknologi

Les meir her →



## Elektro og datateknologi passar for deg som

- Er nøyaktig og systematisk
- Er praktisk anlagt og har godt handlag
- Er serviceinnstilt
- Er kreativ og har godt fargesyn

## Du lærer om


- Installasjon og vedlikehald av elektriske og elektroniske system
- Montering, kopling og programmering av elektriske og elektroniske system og anlegg
- Reparasjon av elektrisk utstyr
- Utvikling av nye elektroniske produkt
- Konfigurering og programmering av utstyr og komponentar
- Tryggleik og dokumentasjon

## Me tilbyr

- Vg1 elektro og datateknologi

## Du kan for eksempel bli

- Elektrikar
- Togelektrikar
- Heismontør
- Dataelektronikar
- Romteknolog



Jondal Precision  
Industries

Tlf. 53 67 50 50 • E-post: [contact@jondalprecision.no](mailto:contact@jondalprecision.no)  
[www.jondalprecision.no](http://www.jondalprecision.no)

**SOCON**  
NORHEIMSUND SVEIS AS  
- et selskap i SOTRA GRUPPEN



**ARBEIDSGLEDE  
ER LIVSGLEDE**

Er DU den neste lærlingen vår?

Fag: Platearbeider / Sveiser

[www.norheimsundsveis.no](http://www.norheimsundsveis.no)



## Vg2 Transport og logistikk

[Les meir her →](#)



### Moglegheiter innanfor transport og logistikk

Har du fullført Vg1 teknologi- og industrifag?

#### Vil du bli:

- Yrkessjåfør på lastebil og/eller buss
- Logistikkoperatør
- Kranførar

- T1, T2 og T4
- Sertifisert opplæring i G11 løftereiskap og anhuking ADR grunnkurs, vegtransport av farleg gods. Her kan dei som vil bli yrkessjåfør gjennomføre ein prøve hjå Statens vegvesen for å få kompetansebevis

På Kvam vidaregåande skule har me skaffa oss avanserte simulatorar innanfor transport- og kranfaget, der du kan øve på å köyre truck T4, buss og lastebil med hengar og kran type G8 (lastebilkran).

#### Du får:

- 23 timer teorikurs og økonomisk støtte til førarkort klasse B
- Sertifisert opplæring i bruk av truck i klassane

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT

**JAN MO A.S.**

Tlf. 56 55 59 22

[www.janmo.no](http://www.janmo.no)

CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND

# Skulemiljø

## Ein god og trygg skule for alle

På Kvam vgs skal alle bidra til å gjøre skulekvardagen best mogleg både for seg sjølv og for alle andre ved skulen.

Me har kreative og engasjerte lærarar som legg vekt på å ha ein god relasjon til elevane. Me skal samarbeide godt med både elevar og føresette om å lukkast med opplæringa for kvar einskild elev. Skulen har fleire tilbod og tenester til deg som elev. Saman gjer me kvarandre gode!

## Miljøkoordinator

Miljøkoordinatoren er sosialpedagogisk rådgjevar ved skulen vår. Han vil legge til rette for eit trygt og godt skulemiljø og set i gang kontaktskapande, kjekke aktivitetar på skulen, som til dømes bowling, klatring og filmkveld. Han er også kontaktperson for elevrådet. Han brukar gjerne Snapchat til å kommunisere med elevane.



## Følg vår miljøkoordinator på Snapchat!

Du kan ta kontakt med vår miljøkoordinator om alt mogleg du lurar på. Han brukar Snapchat til å:

- Svare på spørsmål
- Avtale samtaletidspunkt
- Annonser konkurransar
- Spørje elevane om forslag til aktivitetar og kva dei ønskjer seg på skulen



Følg miljøkoordinator  
via QR-koden



**Herde**  
Komposit

Building  
**a stronger**  
future



Stolt produsent av Egget®  
- verdens første lukkede  
oppdretts-egg





# Kvam vgs. Vestland fylkeskommune

Kvam vidaregåande skule

Nedre Vik 85, 5610 Øystese  
Telefon: 56556600  
E-post: post.kvam @ vlfk.no

Søknadsfrist for vidaregåande opplæring er 1. mars.



## Fornybar energi

Statkraft er eit leiande internasjonalt selskap innan vasskraft og den største leverandøren av fornybar energi i Europa. Statkraft er ein global marknadsaktør innan energihandel og har 5 700 tilsette i 21 land.

**Verda treng meir fornybar energi – me treng deg!**

Kraftverksgruppe Hardanger har ansvar for drift og vedlikehald av Statkraft sine anlegg i Eidfjord,

Ålvik, Tyssedal og Mauranger.

